

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Att. Mikkel Hovden Aas

Deres ref.:
22/5046

Vår ref.:
2022/853 - 5302/2023

Saksbehandler:
Charlotta Schaefer

Dato:
11.05.2023

Tilleggsrapportering til årleg melding 2022 frå Helse Vest RHF

Helse Vest RHF viser til brev av 21. april 2023, gjeldande tilleggsrapportering til årleg melding. I dette brev følgjer svara frå Helse Vest RHF. Vi ynskjer samstundes å presisere at to av oppdraga som dykkar har bedt om rapportering på, ikkje var inkludert i malen for årleg melding frå Helse- og omsorgsdepartementet.

- **«Gjennomsnittleg ventetid skal vere lågare enn 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, lågare enn 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge og lågare enn 30 dagar for TSB.»**

Vi viser til rapportering i årleg melding frå Helse Vest RHF. Ved rapporteringsfrist var ikkje dei offisielle tala for heile 2022 publisert, og kunne følgeleg ikkje rapporterast. Vi nytta i staden tertialvise tal og tal per måned for å vise utviklinga.

Tal for heile 2022 blei publisert 17. mars 2023. Tala under viser utviklinga frå 2021 til 2022, fordelt på fagområde. Tala er samla for alle helseføretak og private aktørar i Helse Vest:

Fagområde	2021	2022
BUP	46,6	54,3
PHV	39,1	46,7
TSB	28,1	29,6

Kjelde: [Ventetider og pasientrettigheter, per tertial - Helsedirektoratet](#)

Endelege publiserte tal for alle tertial 2022 bekreftar vår rapportering i årleg melding om at tross ei auke frå 2021 til 2022 så var gjennomsnittleg ventetid for tredje tertial 2022 på rett veg nedover igjen. Vi viser elles til rapportering i årleg melding 2022 om tiltak.

- **«Aktiviteten i psykisk helsevern skal vere høgare i 2022 samanlikna med 2021, både innan døgnbehandling og poliklinisk aktivitet.»**

Vi viser til rapportering i årleg melding frå Helse Vest RHF. Ved rapporteringsfrist var ikkje dei offisielle tala for heile 2022 publisert, og kunne følgeleg ikkje rapporterast. Vi nytta i staden siste offisielle tertialtal for å vise utviklinga.

Tabellane under viser nøkkeltal for aktivitet i psykisk helsevern for vaksne (VOP) og psykisk helsevern for barn og unge (BUP) i Helse Vest for heile 2022, og prosentvis endring frå 2021. Tala er samla for alle helseføretak og private aktørar i Helse Vest. Det er ikkje korrigert for gjestepasientar mellom regionane:

Aktivitet VOP	2022	Endring i % mot tal frå 2021
Pasientar	33 723	6 %
Utskrivingar	10 120	2 %
Opphaldsdøgn	220 089	2 %
Avdelingsopphald	14 536	4 %
Dagbehandling	4 614	13 %
Polikliniske kontaktar	361 806	1 %
- direkte	284 154	6 %
- indirekte	77 652	-13 %

Kjelde: [Statistikk frå spesialisthelsetenesta - Norsk pasientregister \(helsedirektoratet.no\)](#)

Aktivitet BUP	2022	Endring i % mot tal frå 2021
Pasientar	15 979	6 %
Utskrivingar	1 151	5 %
Opphaldsdøgn	13 581	-4 %
Avdelingsopphald	1 121	6 %
Dagbehandling	764	97 %
Polikliniske kontaktar	214 912	1 %
- direkte	140 429	4 %
- indirekte	74 483	-4 %

Kjelde: [Statistikk frå spesialisthelsetenesta - Norsk pasientregister \(helsedirektoratet.no\)](#)

Vi viser elles til rapportering i årleg melding for 2022.

- **«Talet på LIS i psykiatri skal aukast samanlikna med 2021.»**

Rapport for prosjektet 'Bærekraftig utvikling av kompetanse og kapasitet i psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling' vil ferdigstillast før sommaren. Det er eit mål å tilsette fleire LIS3 psykiatri, men det har vore særlege utfordringar med å rekruttere søkjarar til utlyste stillingar.

- **«For å legge til rette for mer fleksibel kapasitet som kan nyttas i beredskapssituasjonar, er det behov for kompetansetiltak og opplæringsprogrammer for helsepersonell som er rettet mot konkrete behov og som bidrar til mer oppgavedeling og en hensiktsmessig bruk av tilgjengelig personell. Under pandemien har opplæring av sykepleiere og andre helsepersonellgrupper i behandling og pleie av pasienter med covid-19, også for å kunne støtte og avlaste intensivenhetene, vært svært viktig. De regionale helseforetakene skal videreføre og trappe opp arbeidet med kompetanseutvikling, samt utvide opplæringen til å omfatte flere personellgrupper som helsefagarbeidere, portører o.l. Bevilgningsøkingen skal**


videre legge til rette for gode lokale løsninger for å holde kapasiteten oppe. Det skal rapporteres på dette i årlig melding 2022.»

Helse Vest har gjennomført felles regionalt prosjekt for blant anna ; [Etablere bærekraftig utvikling for intensivsykepleiere.pdf \(helse-vest.no\)](#)


Styret blir førelagt utviklinga av lærlingar, inkludert helsefagarbeidarlærlingar; [Sak 109022 Årleg rapport om talet på lærlingar og fagarbeidarar i helseføretaka.pdf \(helse-vest.no\)](#)

Kvart år blir «Kunnskapsinnsatsen» for føretaksgruppa Helse Vest samanstilt.

Kunnskapsinnsatsen blir samanstilt basert på gjennomførte kurs og konferansekostnader, formelle utdanningsløp, interne kurs og opplæringstiltak, obligatoriske kurs, sertifisering for å nemne nokre element. Kunnskapsinnsatsen for 2022 er berekna til om lag 2,8 milliardar kroner, sjå graf nedanfor. Det er svært god oversikt over kompetansetiltaka som blir gjennomført i helseføretaka. Kompetanseportalen og Læringsportalen bidrar til god struktur, planlegging og gjennomføring.



Det er etablert meir enn 6 000 kompetanseplanar med tilhøyrande 2 532 034 enkeltkompetansekrav.



Føretaksgruppa Helse Vest har etablert strategiar og tiltaksplanar for å sikre utvikling og vekst i tal lærlingar.

År	2018	2019	2020	2021	2022
Tal lærlingar	184	182	202	225	222

For nokre av lærlingfaga har det dei siste åra vært færre søkarar og kandidatar. Helseføretaka gjennomfører nye tiltak for å være tettare på ungdommen i val av fagområde og samarbeidet med vidaregåande er styrka. Portørfaget er eit relativt nytt fagbrev område. Helseføretaka har klare strategiar for å sikre godt kompetanse og robuste fagmiljø for portørtenesta. Helseføretaka har lagt stor vekt på at medarbeidar som ikkje har hatt fagbrev har fått anledning til å kvalifisere seg til fagbrev. På få år har tal fagarbeidarar for portørfaget økt til over 250, sjå styresak. I tillegg er det 17 lærlingar hausten 2022.

- **Det vises til oppdragsdokumentene til de regionale helseforetakene for 2022, der det er tildelt til sammen 25 mill. kroner for å opprette minst 30 nye utdanningsstillinger for ABIOK sykepleiere og jordmødre. Disse stillingene er inkludert i tallet på nye 200 utdanningsstillinger. Det forutsettes at de regionale helseforetakene oppretter minst 200 nye utdanningsstillinger for spesialsykepleiere i 2022. Det skal rapporteres på dette i årlig melding 2022.**

Utdanning/fag	Kull 2021	Kull 2022
Intensiv	66	62
Intensiv: nyfødtintensiv	5	5
Anestesi	15	18
Operasjon	28	30
Barn	12	11
Kreft	9	10
Jordmor	2	2
Årlig opptak, sum	137	138

- **3.4.3 Bygg og vedlikehald mv.**
Vi viser til følgjande krav:
«Føretaksmøtet bad Helse Nord RHF, Helse Midt-Noreg RHF og Helse Vest RHF sørge for at dei har ei oversikt over tilstanden på medisinsk-teknisk utstyr som grunnlag for å følgje opp planar for utskifting i alle helseføretak.»

Alle helseføretaka i Helse Vest nyttar FDV systemet «Medusa» for å ha oversikt over det medisinsk-tekniske utstyret. Det er etablert en felles database i helseregionen og felles forvaltning av løysinga. I dette fagsystemet blir historikk for alt utstyr dokumentert og systematisert, medrekna vedlikehaldshistorikk. Det gir moglegheit for løpande å hente ut status på utstyret og grunnlag for å utarbeide planar for reinvesteringar.

Vedlikehalds- og kostnadshistorikken samt verksemdskritikaliteten til utstyret er sentrale moment relatert til både dei korte og langsiktige investeringsbehova. Basert på dette har alle helseføretaka etablert rutinar med årlege rullerande planar for utskifting av det medisinsk tekniske utstyret.

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne
Administrerende direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Inger Cathrine Bryne Administr. direktør

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptatt av at informasjon, også taushetsbelagt, skal kunne sendes på en rask og sikker måte. Vi ber derfor om at et eventuelt svar på denne henvendelsen sendes gjennom en av disse kanalene:

- Privatpersoner og private virksomheter: [eDialog](#)
- Offentlige virksomheter: eFormidling (via eget sak-/arkivsystem)

